

SKULEGUIDEN 2019–20

PROSJEKTPLAN 3MK1 // 20. august - 2. oktober 2019



* Framsida på fjorårets utgåve

Prosjektskildring

De skal lage ein skulekatalog for Volda vidaregåande skule, populært kalla *Skuleguiden*. Oppdraget er eit konkret bestillingsverk frå rektor.

Skuleguiden skal fungere både som eit praktisk oppslagsverk i skulekvardagen; med namn og bilete av alle elevar og tilsette, og som ei minnebok; med spennande innhald som gir målgruppa lyst til å kjøpe den, og til å leite den fram att seinare for å mimre attende til tida på Volda vgs.

Skuleguiden vil bli sett av heile skulen, bestående av over 500 elevar og over 80 tilsette. Den vil også bli sett av føresette, komande elevar og deira føresette igjen. Skuleguiden vil altså ha ei lang levetid, og skal fungere som skulen sitt andlet utad i samband med arrangement både i og utanfor skulen.

Skuleguiden har eit godt ry på seg, også utanfor Volda vgs. Målet kvart år er ikkje å berre lage årets skuleguide, men *tidenes* skuleguide!

Det er mykje som har blitt gjort riktig med tidlegare skuleguidar, og det er ikkje meininga å finne opp (alt) kruttet på nytt. Men eit poeng er at den skuleguiden de lagar skal kjennest ny og frisk, med eit nytt og gjennomført design og nye og spennande vinklingar på innhaldet. Får de til å ta vare på det som er bra samstundes som de tileignar produktet noko nytt og spennande, så vil de ikkje berre få ei solid eigarkjensle til produktet, men kanskje dykkar “hjardebarn” faktisk kan gå inn i historien som ein av dei aller beste?

Timeplan

Alle timar i *Mediespesialisering* inngår i prosjektet saman med *Mediesamfunnet* og *Medieuttrykk*. *Medieutvikling* køyrer eige løp, men er knytt til marknadsføringarbeidet i skuleguideprosjektet.

Nytt av året er såkalla A- og B-veker i samband med fagdagsorganiseringa. Nedanfor er lista opp timeplan for kvar prosjektveke, med **A/B-veke markert med grønt**, **prosjekttimar** (*Mediesamfunnet*, *Medieuttrykk* og *Mediespesialisering*) markert med oransje og **Medieutvikling markert med gult**.

Sjølve skulefotograferinga går over tre skuledagar. Desse dagane får heile klassa fritak frå fellesfaga. Dette gjeld også éin dag veka før skulefotograferinga.

Totalt utgjer dette 101 prosjekttimar (+ 35 skuletimar i Medieutvikling).

Omrekna til reine klokketimar har de ca. 1200 timar frå me startar prosjektet til ferdig produkt skal vere klargjort til trykk ... Det er dessutan tradisjon for ein kollektiv overtidsdag, der rektor spanderer pizza. Ein aktuell dato for denne overtidsdagen er siste prosjektdag, altså onsdag 2. oktober.

Veke 34	Kl.	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag
A		19. aug	20. aug	21. aug	22. aug	23. aug
1	08.15 - 09.00					
2	09.00 - 09.40					
3	09.50 - 10.35					
4	10.35 - 11.15					
5	11.45 - 12.30		Midttide		Ordenstime	
6	12.40 - 13.20					
7	13.30 - 14.15					
8	14.25 - 15.10					
9	15.20 - 16.05					

* 9 prosjekttimar

Veke 35	Kl.	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag
	B	26. aug	27. aug	28. aug	29. aug	30. aug
1	08.15 - 09.00					
2	09.00 - 09.40					
3	09.50 - 10.35					
4	10.35 - 11.15					
5	11.45 - 12.30		Midttide		Ordenstime	
6	12.40 - 13.20					
7	13.30 - 14.15					
8	14.25 - 15.10					
9	15.20 - 16.05					

* 17 prosjekttimar

Veke 36	Kl.	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag
A		2. sept	3. sept	4. sept	5. sept	6. sept
1	08.15 - 09.00					
2	09.00 - 09.40					
3	09.50 - 10.35					
4	10.35 - 11.15					
5	11.45 - 12.30		Midttide		Ordenstime	
6	12.40 - 13.20					
7	13.30 - 14.15				+ Medieutv.	
8	14.25 - 15.10				+ Medieutv.	
9	15.20 - 16.05					

* 16 prosjekttimar

Veke 37	Kl.	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag
	B	9. sept	10. sept	11. sept	12. sept	13. sept
1	08.15 - 09.00					
2	09.00 - 09.40					
3	09.50 - 10.35	+ Medieutv.				
4	10.35 - 11.15	+ Medieutv.				
5	11.45 - 12.30				Ordenstime	
6	12.40 - 13.20					
7	13.30 - 14.15					
8	14.25 - 15.10					
9	15.20 - 16.05					

* 24 prosjekttimar

Veke 38	Kl.	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag
A		16. sept	17. sept	18. sept	19. sept	20. sept
1	08.15 - 09.00					
2	09.00 - 09.40					
3	09.50 - 10.35					
4	10.35 - 11.15					
5	11.45 - 12.30		Midttide		Ordenstime	
6	12.40 - 13.20					
7	13.30 - 14.15					
8	14.25 - 15.10					
9	15.20 - 16.05					

* 9 prosjekttimar

Veke 39	Kl.	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag
	B	23. sept	24. sept	25. sept	26. sept	27. sept
1	08.15 - 09.00					
2	09.00 - 09.40					
3	09.50 - 10.35					
4	10.35 - 11.15					
5	11.45 - 12.30		Midttide		Ordenstime	
6	12.40 - 13.20					
7	13.30 - 14.15					
8	14.25 - 15.10					
9	15.20 - 16.05					

* 17 prosjekttimar

Veke 40	Kl.	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag
A		30. sept	1. okt	2. okt	3. okt	4. okt
1	08.15 - 09.00					
2	09.00 - 09.40					
3	09.50 - 10.35					
4	10.35 - 11.15					
5	11.45 - 12.30		Midttide		Ordenstime	
6	12.40 - 13.20					
7	13.30 - 14.15					
8	14.25 - 15.10					
9	15.20 - 16.05			?		
	...			?		
	...			?		
	19-20-tida			?		

* 9 prosjekttimar++

Arbeidsoppgåver og organisering

De er mange involverte i år: full klasse med 30 elevar, i tillegg til nokre ekstra frå andre klasser i Medieutvikling. Somme arbeidsoppgåver er naturleg knytta til faga dykkar i Mediespesialisering (bilete og grafisk design), **MEN**: Me har ikkje høve til å gjere ei rein arbeidsfordeling og gruppeinndelingar utifrå desse valfaga.

Prosjektet vert difor i hovudsak eit prosjekt i programfaga (Mediesamfunnet og Medieuttrykk), men med separate eigenvurderingar i Mediespesialisering (og Medieutvikling) knytt til prosjektet.

FOTOTEAM (8 elevar)

- fotografere alle elevar og tilsette
- organisere alle bileta
- klargjere alle bilete til trykk, utskrift og digitalt format
- kvalitetssikre at namn og bilete samsvarar
- organisere bestilling og sal av utskriftsbilete

DESIGN- OG PRODUKSJONSTEAM (8 elevar)

- utforme design, layout, illustrasjonar og andre grafiske element
- vurdere format og papirkvalitet
- utarbeide sidemalar med paragrafstilar og andre førehandsdefinerte formateringar
- setje saman tekst og bilete (sideombrekking)

INNHALD- OG MARKNADSFØRINGSSTEAM (14 elevar)

- framskaffe og produsere alt innhald
- klargjere all tekst og innhaldsbilete til design- og produksjonsteamet
- kvalitetssikre og korrekturlese ferdigbrevte sider
- informere om skulefotograferinga og andre aktuelle hendingar
- synleggjere prosjektet på og utanfor skulen og få følgjarar på sosiale medium
- marknadsføre sal av ferdige produkt

På den tradisjonsrike “overtidsdagen m/pizza” skal ALLE i klassa vere med på “sideombrekking”.

I tillegg vil dei sytten av dykk som har faget Medieutvikling (+ tre elevar frå andre utdanningsprogram) utgjere eit “spesialteam” med ansvar for *innovativ marknadsføring*.

Utover dei definerte arbeidsoppgåvene og ansvarsområda knytt til konkrete team må de vere budde på å bistå kvarandre - på tvers av team, i samarbeid som *eitt stort samla team*.

Overordna ansvar og ressurspersonar

- **Ansvarleg redaktør:** Trond Hjelseth
- **Redaktør:** Jan Terje Eidset
- **Prosjektansvarleg:** Håvard Krøvel-Velle
- **Design- og produksjonsansvarleg:** Håvard Krøvel-Velle
- **Innhald- og marknadsføringsansvarleg:** Åge André Breivik
- **Fotoansvarleg:** Ståle Hansen

I tillegg skal kvart team velje ein teamleiar + sekretær. Teamleiarane vert “prosjektstyrarar” for elevane og bør ha jamlege redaksjonsmøte (med eller utan ansvarlege lærarar). I profesjonell jobbsamanheng er det viktig at de freistar å gå “tenesteveg” og henvende dykk til riktig person for den aktuelle problemstillinga.

Arbeids- og dokumentasjonskrav

- Kwart **team** skal finne aktuell fordjupingsteori og drive naudsynt kompetanseheving som er aktuell for oppgåvene til teamet. **Teamleiar** fordeler naudsynt leksearbeid.
- Kwart **team** skal oppdatere individuell arbeidsplan i [M-planen](#) kvar (prosjekt)dag. **Teamleiar** er ansvarleg, men kan delegere/rullere ansvaret.
- Kvar **sekretær** skal ha orden og kontroll på (eventuell) analog gruppeperm og digital arbeidsmappe for sitt team på teamdisken.
- Kvar **elev** skal skrive kort eigenvurdering i begge programfaga (Mediesamfunnet og Medieuttrykk) + Mediespesialisering (*Bilete* eller *Grafisk design*). Det vil bli publisert malar og innleveringsmappe for desse på itslearning.
- Kvar **elev** skal skrive individuell logg på [Yammer](#) kvar veke (innan utgangen av veka). Brukarinfo for Yammer: feidebrukar@o365.mrvgs.no + feidepassord (same som for Adobe Creative Cloud).

Vurdering

Prosjektet vert vurdert med individuell karakter i programfaga Mediesamfunnet, Medieuttrykk og Mediespesialisering. Vurderingskriterium og kompetansemål vert oppgitt i malane for dei ulike eigenvurderingane.

Hugs:

“Nobody’s perfect, but a team can be”

Lukke til!

Håvard, Ståle, Åge André 20.08.2019